

Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/183-1

## **Justering av arbeidsplan for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2016 - 2019**

**Arbeidsplanen for perioden 2016 – 2019 vert justert av fylkesrådet i møte 13. februar 2019.**

### **Vedlegg:**

Arbeidsplan 2016 - 2019

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027, Handlingsprogram 2019 - 2022

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har som mål å jobbe for:

- Likeverd og likestilling, gjennom moglegheit for likeverdig deltaking i samfunn, skule og arbeid
- Eit meir tolerant samfunn utan diskriminering og mobbing
- Handlings- og bevegelsesfridom som inneber like økonomiske, kunnskapsmessige og sosiale rettigheter for alle
- Innbyggjarane og fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane skal vite kva fylkesrådet er, og kva vi jobbar med - fylkestinget/fylkeskommunale organa oppsøker aktivt fylkesrådet
- Rådet ynskjer å engasjere seg i offentleg tenesteyting, opplæring og universell utforming

### Aktivitet i 2018:

- Representantar frå fylkesrådet deltok på Landskonferansen på Hamar 13. – 14. september 2018, og SOR-konferansen 3. – 4. mai 2018.
- Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO har oppretthalde den gode dialogen med brukarorganisasjonane.
- Sendt uttalar til fylkeskommunen og andre offentlege etatar om saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Medlemmane i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem i møte 13. februar med forslag til konkrete aktivitetar i 2019.

Sekretariatet ber medlemmane sjå på Handlingsprogram 2019-2022 for den nye regional plan for kultur som vart vedteken hausten 2018. Handlingsprogrammet inneheld satsingar der fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan bidra.